

Lokal forskrift om
feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av
feiegebyr
for
Fyresdal kommune



Med verknad frå: 01.01.2018

Gjeld for : Fyresdal kommune

Heimel: I LOV-2002-06-14-20, FOR-2015-12-17

Heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28, og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

§ 1. Føremål

Forskrifta har som føremål å regulere gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg, slik at risikoen for at brann skal oppstå i fyringsanlegg og røykløp, vert redusert så mykje som mogleg.

Forskrifta skal regulere gebyrordninga for feiing og tilsyn til kommunane som er med i samarbeidet, samt tilleggstenester innan brannførebygging.

§ 2. Virkeområde

Den lokale forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle fyringsanlegg for brannobjekt i deltakarkommunane.

§ 3. Definisjonar

1. Brannobjekt: bustader, fritidsbustader, verksemder, konstruksjonar, anlegg m.m. der brann kan oppstå og true liv, helse og materielle verdiar.
2. Brukar: den som i eigenskap av eigar, eller i høve avtale med eigar har bruksrett og nyttar seg av denne retten.
3. Eigar: den som har grunnboksheimel til eit brannobjekt.
4. Feiing: reingjering av røykkanalar og uttak av sot.
5. Fyringsanlegg: omn, sentralvarmekjele eller varmluftkjele, der varme skal verte produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykkanal og matesystem for brensel.
6. Matesystem: anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.
7. Røykkanal: kanal for transport av røykgassar til friluft, røykrøyr og skorstein.
8. Skorstein: vertikal del av fyringsanlegget, og kan innehalde fleire røykkanalar.
9. Tilsyn: kontroll med at fyringsanlegget er intakt, fungerer som føresett og er tilfredsstillande sikra mot brann og anna skade. Feiar/tilsynsperson kan også få oppgåver som å kontrollere at det i brannobjektet er deteksjon (røykvarslar), sløkkeutstyr og tilfredsstillande moglegheit for røming ved brann.
10. VTBV: Vest Telemark Brannvesen IKS.

§ 4. Mengda av feiing

Feiing skal utførast så ofte som naudsynt for å hindre brann eller andre skader. Det enkelte fyringsanlegg skal vurderast med omsyn til kor hyppig det er naudsynt å feie. Feiarane vurderer dette på grunnlag av erfaring frå tidlegare gjennomført feiing, alder, type, tilstand til fyringsanlegget og omfang av bruken. Brannsjefen set på bakgrunn av dette opp ein rullerande plan for gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn.

§ 4-1. Bustader

Feinga skal utførast minst kvart tredje år, og tilsyn minst kvart sjette år.
Feiing og tilsyn av bustader kan utførast på same dag.

§ 4-2. Fritidsbustader

Det vert lagt opp til at denne tenesta i fyrste omgang skal gjelde for fritidsbustader som ligg nær bilveg.

Feinga skal utførast minst kvart tredje år, og tilsyn minst kvart sjette år.

Framtidig frekvens vil bli bestemt etter at fyrste feie- og tilsynsrunde er gjennomført.

Feiing og tilsyn av fritidsbustader kan utførast på same dag.

§ 5. Mengda av tilsyn

Tilsyn med fyringsanlegg skal utførast ved behov, men minst ein gong kvart sjette år.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegget, skal det utførast tilsyn.

Kommunen v/VTBV skal utføre tilsyn med fyringsanlegg i fritidsbustader etter plan utarbeidd av brannsjefen.

§ 6. Varsling

Eigar eller representant for eigar av fyringsanlegg skal varslast skriftleg eller elektronisk med dato for gjennomføring av feiing/tilsyn, og kan verta pålagt å varsle andre brukarar av vedkomande bygg.

Bustader

Feiing/tilsyn vert varsla seinast 3 - 7 dagar før, slik at eigar eller representant for eigar kan legge forholda til rette for at feiing/tilsyn kan verta gjennomført.

Fritidsbustader

Feiing/tilsyn vert varsla seinast 14 dagar før, slik at eigar eller representant for eigar kan legge forholda til rette for at feiing/tilsyn kan verta gjennomført.

Førebels vert det ikkje teke høgde for å gje gebyr for manglande oppmøte/tilrettelegging frå huseigar, der feiar må gjera ny avtale for feiing/tilsyn, men om dette vert ei utfordring vil ein måtte legge inn gebyr for ny avtale/oppmøte. Dette for å dekke ekstrakostnadane ein slik ekstratur vil medføre.

§ 7. Feie- og tilsynsgebyr

Gebyret vert fastsett av kommunestyret sjølv og blir kravd inn for alle bueiningar/bygg etter kommunanes innkrevjingsrutiner.

Gebyr for drift av feiarvesenet vert kravd inn etter sjølvkostprinsippet.

Det skal vere gebyr for alle bueiningar/bygg som har ein eller fleire faste tilknytte eldstader, uavhengig av regelmessig bruk eller ikkje. Gebyret vert sett likt for kvart røykløp.

For bustader/bygg som har gassfyrte fyringsanlegg skal det vera eit gebyr som dekker tilsyn. Gebyret vert sett likt for kvar eining/bygg.

Gebyrplikta er ikkje knytt til tidspunktet for når den enkelte feiinga eller tilsynet er gjennomført, men gjeld for heile feieperioden, uansett når i feieperioden feiinga finn stad.

Dersom varsla feiing vert avbestilt og avtalt på nytt, kan det krevjast tilleggsgebyr.

Gebyr kan krevjast inn sjølv om feiing og tilsyn ikkje er utført i fylgjande tilfelle:

- Feiaren finn ved inspeksjon av røykkanalar at feiing ikkje er naudsynt
- Feiaren finn etter at det er varsla feiing eller tilsyn at han/ho ikkje får tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget

§ 8. Gebyrfritak

Kommunen kan etter søknad gje fritak frå å betale gebyr i fylgjande tilfelle:

1. Bustaden/fritidsbustaden har ikkje installert eldstad.
2. Fyringsanlegget er fråkopla, og skorsteinen er blenda.

Før fritak vert gjeve, skal feiar ha ført tilsyn med at fråkopling av fyringsanlegg og blending av skorstein er utført tilfredsstillande.

Huseigar pliktar å melde frå til kommunen som må melde vidare til VTBV, dersom fyringsanlegg/eldestad vert installert eller gjort vesentlege endringar på, vert tilkopla att, blending av skorstein er/vil bli fjerna eller bustaden vert teken i bruk att. Om huseigar/brukar let vera å melde installasjon/tilkopling av eldstad/fyringsanlegg eller fjerning av blending, kan kommunen krevje feiegebyr etterbetalt frå det tidspunktet fritaket vart gjeve.

§ 9. Andre tenester

Eigar og brukar av fyringsanlegg som ynskjer frivillig feiing eller tilsyn utanom lovpålagt feiing eller tilsyn, fjerning av beksot, filming av røykløp og liknande, må sjølv ta kontakt med feiaren og avtale dette. Dette vert utført mot eige gebyr.

§ 10. Plikter hjå huseigar og brukar

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid.

Huseigar pliktar å melde frå til kommunen som må melde vidare til VTBV, ved montering av ny eldstad og/eller vesentleg endring av fyringsanlegget (rehabilitering).

Eigar skal, etter å ha motteke varsel om feiing, syte for at heile fyringsanlegget er tilgjengeleg for feiing, samt utstyrt og innretta slik at feiing kan verta utført på ein fagleg tilfredsstillande måte, utan fare for liv og helse.

Eigar pliktar å syte for at stige er lagt fram og tilgjengeleg for feiar i nærleiken av takstige/trinn, som eit signal på at det er klart for feiing. Tilkomst til tak skal vera sikra mot utgliding.

Typegodkjent takstige skal vera festa til tak i samsvar med monteringsretteiing.

Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar/eigarrepresentant syte for at feiaren har tilfredsstillande tilkomst til røykløp.

Eigar/eigarrepresentant skal syte for tilfredsstillande tilkomst til sotluke eller tilsvarande egna innretning for sotuttak.

Det er opp til feiaren å avgjera om tilgangen til fyringsanlegget er tilfredsstillande.

Ved innvending tilkomst for feiing, skal eigar/eigarrepresentant vera til stades under feiing.

§ 11. Plikter hjå feiaren

Feiinga skal utførast på ein fagleg tilfredsstillande måte med minst mogleg ulempe for bebruarane. Etter avslutta feiing skal feiaren syte for at sot vert fjerna, anten av feiaren sjølv eller av byggeigar/brukar, og frakta til eigna stad.

Feiaren skal under feiing og tilsyn vurdere tilhøve ved fyringsanlegget som kan ha fylgje for branntryggleiken eller tilkomsten. Ved avvik som ikkje kan verta retta på staden, skal feiaren gje skriftleg tilbakemelding om tilhøvet til byggeigaren, eller representant for eigaren. Denne skal innehalde ein frist for retting eller tilbakemelding om når retting vert utført.

Dersom rettinga ikkje vert gjennomført, skal tilsynsmyndet gje pålegg.

Feiarvesenet skal ha oppdaterte data og historikk på fyringsanlegga.

Dersom nokon nektar eller legg hindringar i vegen for feiing eller tilsyn, skal brannsjefen varslast.

§ 12. Handheving og sanksjonar

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal utførast i samsvar med forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 6 og § 17, samt kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

§ 13. Klage

Vedtak gjort av lokalt tilsynsmynde i medhald av denne forskrifta kan klagast etter brann- og eksplosjonsvernlova § 41, andre ledd. Klaga skal framsetjast skriftleg til Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest Telemark ved brannsjefen.

Ved klage på gebyr mm § 28 i brann og eksplosjonsvernlova skal klager sendast Fyresdal kommune.

Sakshandsaminga ved klager følgjer avgjerd i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova, samt lov om sakshandsaming i forvaltningssaker (forvaltningslova) og reglement for delegering av mynde i Fyresdal kommune.

§ 14. Endringar

Styret får fullmakt til å gjera mindre vesentlege endringar i forskrifta.

§ 15. Forskrifta trer i kraft

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2018.

Forskrifta vert utøvd av Vest Telemark Brannvesen IKS og Fyresdal kommune.

Vedteke av kommunestyret i Fyresdal:

Sak:
Dato:
Sign.